



Fylkesmannen i Hordaland Kommunal- og samfunnsplanavdelinga  
Silje Sævik Bøe

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3913 - 16/27004

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

29.09.2016

## Tilbakemelding på spørsmål om føresegner i kommuneplanen sin arealdel - gbnr 12/47 Veland

Lindås kommune viser til brev frå dykk datert 01.09.2016. Vi beklagar sein tilbakemelding.

I brevet ber Fylkesmannen om svar på følgjande spørsmål:

«Fylkesmannen ber om at kommunen gir ei vurdering av korleis punkt 1.1 og punkt 2.14 i planen skal fortsås. Vi ber om at kommunen tek stilling til om planen sitt punkt 2.14 generelt fastsett ei bindande grense for utnytting på eigedom innanfor arealformålet bygg og anlegg, slik at krava til utnytting i føresegna er meint som ein sjølvstendig avslagsheimel, eller om krava til utnyttingsgrad må forstås som ein føresetnad for å kunne gjere unntak frå plankravet i punkt 1.1.»

I kommuneplanen sin arealdel gjeld det eit plankrav i alle byggeområda, jf. føresegn 1.1. Dette gjeld med mindre noko anna er sagt under det einskilte føremål. I føresegn 2.14 er det gjort unntak frå plankravet i bustadområde for mindre tiltak på eksisterande bustadeigedommar. Unntaket gjeld kun for mindre tiltak, og når vilkåra som føresegna viser til er stetta, krav til BYA, BRA, høgder m.m. Dersom tiltaket er eit mindre tiltak på ein bustadeigedom, men gjev utnyttingsgrad på meir enn 20 % BYA, vil ikkje tiltaket ligga innanfor ramma av det planen opnar for utan reguleringsplan. Føresegn 2.14 vil såleis ikkje vera ein sjølvstendig avslagsheimel, men gjev rammene for kva utbygging som kan skje utan krav om reguleringsplan.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

H. Sandvik AS, Ivan Myhr  
Ivan Myhr

Galteråsen 4  
Veland 7

5916  
5993

ISDALSTØ  
OSTEREIDET

### Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland  
Kommunal- og

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Kopi til:**  
samfunnsplanavdelinga